

## Clybourne Park

av Bruce Norris (USA)

Omsetjing: Marit Tusvick

Regi: Øystein Ulsberg Brager & Philip Thorne

Medverkande: Yngve Berven, Elisabeth Sand, Terese Mungai, Sveinung Oppegaard, Kingsford Siayer,

Torgny G. Aanderaa & Kristine Rui Slettebakken

Regiassistent: Espen Hjort

Dramaturg: Otto Homlung

Forlag: Nordiska

Takk til: Norsk Skuespillersenter, Siri Nicole Ingemann, venner og familie

Delar av teksten er stroken. Om du er interessert i å lese teksten i heilskap kan du kontakte OIT på [oslointernasjonaleteater@gmail.com](mailto:oslointernasjonaleteater@gmail.com)

### Nokre ord frå regisorane

*Clybourne Park* handlar om gentrifisering, eit fenomen vi kjemner godt til også i dette landet. Akkurat no ser Oslo framveksten av ein ny - rik - bydel i Bjørnvika. På sikt vil områda ikring, Gamlebyen og Grønland, utvilsamt forandrest. Korleis dette spelar inn på den demografiske samansetjinga i indre Oslo aust, er vanskeleg å spå. Om innvandrarmljøa i Oslo vil vere sterke nok og kjenne sterk nok tilhøyrslie til enkelte bydelar til å reagere slik rollefigurane frå Chicagos Clybourne Park reagerer, er også umogleg å vite. Det einaste vi er sikre på er at *Clybourne Park* handlar om Oslo. Om ikkje no, så sidan.

- Philip Thorne og Øystein U. Brager

### Om stykket

Hovudpersonen i *Clybourne Park* er eit hus i eit nabolag i Chicago. Vi blir kjende med det på 50-talet, i det eit kvitt ektepar er i ferd med å selje huset til ein svart familie, noko naboane i det svært kvite nabolaget likar dårleg. Femti år seinare vil ein kvit familie flytte inn i huset, i det som med tida har vorte eit svart nabolag. Ikkje overraskande, møter også denne familien motstand i lokalsamfunnet. Mykje er anleis, men konflikta er påfallande stabile; kven likar eigentleg tanken på framande i nabolaget sitt? Både framandfrykt og mangel på kunnskap kan pakkast inn i eit lettfordøyeleg, danna språk og presenterast som eit ønske om det beste for fellesskapen. Med skarpt blikk for humoren i dei konstante freistnadene våre på å dekkje over den underliggjande framandfrykta, skildrar Bruce Norris to svært ubehagelege situasjonar med hysteriske utfall. Gjennom ei nær og humoristisk forteljing gir dramatikaren oss eit nytt blikk på vår eiga tid og vårt eige forhold til det framande, og går heilhjarta inn for å avsløre sine egne og andre sine fordommar. Stykket vann i 2011 både Pulitzer-prisen (USA) og The Olivier Award - Best New Play (UK).

### Gentrifisering

Eit fysisk, sosialt, økonomisk og kulturelt fenomen i store byar. Arbeidarklassestrøk, gjerne nære sentrum, blir forvandla til bydelar for meir velstående grupper. Komplekse prosessar ligg bak, ombygging og fornying av bygningane spelar inn, som ved byfornynginga i Noreg på 80-talet. Dette kan gi auka husteige, omskape leigegardar til sjølveigarhusvære og presse ut folk med låg inntekt.

Kjelde: Wikipedia

### Om dramatikaren

Bruce Norris er ein amerikansk skodespelar og dramatikar. Han er medlem av Steppenwolf Theatre Company, eit av dei leiande teaterkompania i Chicago, og har vore å sjå i ei rekke produksjonar på

Broadway. Han debuterte som dramatikar i 1992 med stykket *The Actor Retires*, og har sidan skrivne stykke som *The Pain and the Itch* (2004), *The Unmentionables* (2006) og *A Parallelogram* (2010). I 2009 fekk han den prestisjetunge Steinberg Playwright Award.

### Om *A Raisin in the Sun*

Inspirasjonen til *Clybourne Park* har Bruce Norris tatt frå klassikaren *A Raisin in the Sun* frå 1959, av Lorraine Hansberry. Dette stykket handlar også om huset i Clybourne Park, men skildrar tilhøva til den svarte familien som er i ferd med å kjøpe eigedommen. *A Raisin in the Sun* var det første stykket på Broadway som var skriva av ein kvinneleg, svart dramatikar, regissert av ein svart regissør og med eit nesten utelukkande svart ensemble. Den humoristiske og rørende klassikaren vart og filmatisert i 1961, med Sidney Pottier i ei av hovudrollene, og er å få tak i på DVD.

### Om OIT

Oslo Internasjonale Teater produserer jamleg dramatiserte lesingar av internasjonal samtidsdramatik som ikkje har vore omsett eller spelt i Noreg tidlegare. OIT er eit tilbod til dei som er interesserte i samtidsdramatik og ønskjer å oppdage nye dramatikarar og skodespel, anten det er teater, frie grupper eller teaterskaparar på utlikk etter stykke å setje opp, dramatikarar som ønskjer inspirasjon til sitt eige arbeid eller vanlege teaterpublikummarar som ønskjer å sjå nye verk. Vi har eit breitt, internasjonalt nettverk som vi brukar i arbeidet med å oppdage dramatiske verk. OIT vert drive av det internasjonale teaterkompaniet Imploding Fictions.

### Stykke OIT har gjort så langt

*White Rabbit, Red Rabbit* av Nassim Soleimanpour (Iran) / *Motortown* av Simon Stephens (Storbritannia) / *Sannheten Skal Frem* av Jordan Seavey (USA) / *The Mercy Seat* av Neil LaBute (USA) / *Hodefotvingen* av Esther Gerritsen (Nederland) / *Medealand* av Sara Stridsberg (Sverige) / *Nattblind* av Darija Stocker (Sveits) / *Porselen* av Chay Yew (Singapore) / *De Onde* av Niklas Rådström (Sverige) / *Flap and fear* av Darren Leigo (Storbritannia) / *Her står tittelen til dramøet om Ante* av Ivor Martinic (Kroatia) / *Sort Dyr's Sorg* av Anja Hilling (Tyskland) / *The Fever* av Wallace Shawn (USA) / *Forsøk på livet* av Martin Crimp (Storbritannia) / *Sju jødiske barn* av Caryl Churchill (Storbritannia) / *Sju andre barn* av Richard Stirling (Storbritannia)

Er du interessert i å setje opp eit av stykka som OIT har presentert? Vi hjelper gjerne til med å formidle kontakt i samband med rettar for både originalverket og omsetjinga.

[www.oslointernasjonaleteater.com](http://www.oslointernasjonaleteater.com)


[www.detnorsketeatret.no](http://www.detnorsketeatret.no)



Bruce Norris (foto: Nordiska)

det norske teatret

i samarbeid med



presenterer

## Clybourne Park

av Bruce Norris (USA)

Ei dramatisert lesing

Torsdag 31. mai kl. 19.00, fredag 1. juni kl. 19.00  
og laurdag 2. juni kl. 17.30

Scene 3 på Det Norske Teatret

## DRAMATISERTE LESINGAR VÅREN 2012

OIT & Det Norske Teatret presenterer:

**THE DIAMOND STARS** av Maya van den Heuvel-Arad (Israel)  
15. - 16. mai kl. 19.00

**FIXER** av Lydia Adetunji (britisk-nigeriansk)  
23. - 25. mai kl. 19.00

**CLYBOURNE PARK** av Bruce Norris (USA)  
31. mai - 2. juni kl. 19.00

**HAMLET ER DØD** av Ewald Palmethofer (Østerrike)  
6. - 13. juni kl. 19.00

**FEM DAGAR I MARS** av Toshiki Okada (Japan)  
14. - 16. juni kl. 19.00

Billetter: [www.detnorsketeatret.no](http://www.detnorsketeatret.no) / 22 42 43 44



OIT er drive av Imploding Fictions

[www.oslointernasjonaleteater.com](http://www.oslointernasjonaleteater.com)

det norske teatret



NORSK  
KULTURRÅD



STIFTELSEN  
FRØTT ORD